

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.11.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, H, Sp, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Tillegg:

RMNF er gjort kjent med at det har vore ein del problem med at drosje ikkje har kome til rett tid, og at elevar har opplevd å kome for seint til skulen eller bli henta for seint. Vi ber derfor om at retten til å klage, og til kven, skal synleggjerast. Konkurransen og kontraktane må innehalde punkt som gjer at det kan reagerast mot løyvehavar dersom kravet om punktlighet ikkje er oppfylt.

Kvalitet for brukar må sterkare vektleggast. Det er viktig å peike på at for enkelte brukarar er det svært viktig å ikkje måtte forhalde seg til mange ulike og ukjente sjåførar. Tenesta må opplevast som trygg og føreseieleg.»

Egil Bru Overaa (FFO) sette fram slik protokollmerknad:

Lage systemer for å klage som ivaretar data og kvalitet for bedre behandling og koordinering på tvers av kommunene. Man må kunne hente ut felles problemstillinger og kvalitative grunnlagsdata og beskrivelse, så generelle problemer kan adresseres mer effektivt.

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

RMNF er gjort kjent med at det har vore ein del problem med at drosje ikkje har kome til rett tid, og at elevar har opplevd å kome for seint til skulen eller bli henta for seint. Vi ber derfor om at retten til å klage, og til kven, skal synleggjerast. Konkurransen og kontraktane må innehalde punkt som gjer at det kan reagerast mot løyvehavar dersom kravet om punktlegheit ikkje er oppfylt.

Kvalitet for brukar må sterkare vektleggast. Det er viktig å peike på at for enkelte brukarar er det svært viktig å ikkje måtte forhalde seg til mange ulike og ukjente sjåførar. Tenesta må opplevast som trygg og føreseieleg.

Protokollmerknad frå FFO

Lage system for å klage som ivaretar data og kvalitet for betre behandling og koordinering på tvers av kommunane. Ein må kunne hente ut felles problemstillingar og kvalitative grunnlagsdata og beskriving, så generelle problem kan adresserast meir effektivt.